

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. /

Fylke: Telemark

Tilleggsspørsmål nr.

Herad: Mo

Emne:

Bygdelag: Skapså

Oppskr. av: O. O. Bergland

Gard: Bergland

(adresse): Åndalsverk

G.nr. 63 Br.nr. 1.

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle. Både etter eiga og andre si røynsle.

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

Etter: Velle Bekkerhus og Halvor Hågås; dei var bår fødte omlag 1840. No avlidne. Bår var gardsdrenge.

SVAR

1. Av gamle brev kan ein sjå at folk her i bygda har bruka hest til gardsbruk i fleire hundra år. I 1597 var det her på garden sak om ein hest. So langt minnleg segn gjeng attende, var det so at på gardane køyrde dei høyet i hús med hest, medan hús-mennene bar på ryggen i säng. For hundra år sidan køyrde alle på meislede både sommar og vinter. Dei større gardane fekk hjulslæde og høyvogn fyrr enn dei småe. På sume stader brukar dei meislede om sommaren enno; men det er helst der det er for bratt til hjul. Utmarkslættan har gått sterkt attende sidan 1900. Dei større gardsbruka slutta fyrst avdi dei hadde meir å dyrka upp. No er det berre nokre få mindre garbrukarar og småbrukarar som slår i heia. Dei har lite jord å dyrka; men små-gardane har alle utslættor sjølve, og småbrukarane leige heieslætt som er sers billig i leige, helst gratis. So lenge dei dreiv heideslætt, so

köyrde gardmennene med hest alt høy om vintrane, og hús mennene drog på høy kjåkkje. Solis fekk dei heim høyet sitt. So leiger dei hest til høyköyringa. Ingen vil draga. Men det fyrste eg minnest, var det mange som drog. Var det lang veg, var dei tvo eller fleire i fylgje, so kunde dei hjelpast åt i motbakkan. Var det skiføre, stod dei på ski og styrde lasset, og so let dei det gå i full fart utforbakke om det var mykje bratt. Dei fekk seg soleis mange reit friske, gode slalåmer, og dei fekk sers god same på ski.

2. Til utlöa köyrer dei høyet med hest og har so gjort i uminnelige tider. Er det ütendt, brukar dei meislede, er det toleg slett, brukar dei hjulslede no for tida, men for 60 år sidan var det berre meislede dei brukar over alt i utslåttone. I heia vert brukar berre meislede. (Utt. her er: meislee). Høyet til stakken köyrer dei med hest og brukar då meislede. Men det var ikkje allspad dei fekk koma til med hest, og då bar dei på ryggen i sau. Dei som ikkje hadde hest sjölve, bar allspad høyet, både til löa og stakken. Utlöone vart her kalla: bü. Høy-bü; stod ho på myrslåttor vart ho kalla: myrbü. Lume sa: sel, i staden for: bü. Kipeband eller børsvolk er ikkje kjent her. So langt seign gjeng attende, har dei brukar saug, som me seier her. Fyrr

dei fekk kjøpa, gjorde dei seg saug
 sjølve av bast eller ragg, bastesaug
 og raggesaug. Dei tvinna og la dei
 saman med klypa, og saugene av
 bast eller ragg var sterke. Når dei
 bar høy, la dei sauget dobbelt, og til
 lykkja feste dei ei hekt (hegd) som var
 gjord av ein grankvist eller ein bruske-
 sein. Høybyrda vart laga av kjem-
 bür. Det skulde vera 5 store kjembür
 i ei byrd. Når byrda var ferdig, smög-
 de dei saugendane gjerom hekti og
 snörde til; so sette dei seg flatt med
 ved byrda og smögde armene innom
 sauget rundt byrda, soleis at dei fekk
 ei saug på kvar aksel medan dei hei-
 le tia måtte halda fast på saug-
 endane skiftevis med hendene, til dei
 hadde fått fasla seg for byrda. Når
 dei hadde fått fasla (fatla) byrda på
 seg, drog dei føtene godt under seg og
 la kroppen attover byrda; so gjorde dei
 ein sprett framover og lyfte byrda
 opp på den måten. Ein eldre mann
 greidde ikkje dette, og då måtte han
 få hjelp. Hjelpesmannen stod då
 bakom, tok godt tak under byrda i
 sauget og lyfte so upp varsamt og
 fint. Det måtte ikkje gå for fort, elles
 gjekk beraren framover på hovudet. Fyr
 var både karar og kvinfolk, og sume ste-
 der gjer dei det enno. Borna var allstøtt
 med frå dei var so store dei künde vera
 til litt hjelp. Karane slo og høya, og

kvinnone raka og breidde. Var det mykje vending og sating, måtte alle vera med på det. Var det mindre vending eller sating (sating) var det kvinnone og borna som gjorde det. Bera høy i meis eller sekk er ikkje bruka; her er ikkje so bratt. Trillebør og dei andre reid-skapar som er nemnde, er ikkje bruka her. Namnet sloe er kjent; men vert ikkje bruka no. Truleg har sloen (ein) vore i bruk; for dei gamle tala om å sloa høy eller draga på sloe.

3. Høyet frå utslåttone vart alltid høyet på vinterføre, og soleis er det no og.

4. I høyonna vert det no bruka høyvogn eller hjulslode. Høyvogna har 4 hjul, og hjulsloden 2 hjul bak og 2 stubbe-meiar framme. Som fyrr skrives, er det enkelte stader dei brukar meislede endå avdi det er for bratt. Både høyvogn og hjulslode har to darrar og to grindar. Eg har ogso høyrst at darrane vert kalla: kjerur, uttala med lang e og ein r. (ei kjere) (ein darve). Noko viss mål på høyvogna eller hjulsloden er det ikkje. Med fire hjul heiter alltid høyvogn (ei); med to hjul alltid hjulslode (ein). Skoring brukar ingen under meiar om surnaren, berre om vinteren. Dei skodde vinter-høysleden eller vetter-sleem som dei seier her, med ein tunn stålskoring og høyhjåkane det same. (Hjåktje = kjelke). Fyrr det var

jarnskoning å få, kjørebradde dei meirane for å gjera dei fljotare og sterkare. Over dykka mark måtte ingen køyra anfen med mei eller hjul om sumaren. På stor snø om vinteren künde dei køyra kvar dei vilde so lenge snøen låg. Til kornkøyringa bruka og brukar dei same reidskapsen som til høymra: høyvogn, hjulslæ eller meisle. Nokor endring er ikkje gjort på laget; men i darrar og grundar, der dei fyrr bruka vidjor, brukar dei no gjerde-brad eller trespiter. Dette er bruka i 40 år omlag, og vidjone er no gjenge heilt or bruk. Krøklar eller krakar (ein) bruka dei når dei høyrde høy or heia om vinteren elles ikkje. Krakane la dei langs etter lasset oppå, og so gjurde dei påveit over so datt ikkje høyet av om vegen var skakk og lasset stort. Var det langt høy, tok dei store pang og kasta oppi sleen eller vogn; var det fjerr-høy, måtte dei kjembe det med riva og leggja kjembe for kjembe oppi. Ein kar eller gutunge var støtt oppi lasset og trakka høyet til. Om vinteren tok dei høyet i fanget anten det var langt eller støtt (vallahøy eller skraphøy) og kasta det oppi sleen, og so måtte dei trakka lasset godt fleire gonger. Det skulde vera 8 store byrder i eit vinterlass og 4 i eit samarslass på meislede. På høyvogn og hjulslæ køyrer ein omlag eit vinterlass. Feit vinterlas rekna dei 2 x Me seier: gjøre, gjerde i staden for: gyrdar, gyrdar.

skipund eller 320 kg. høy. Nokon regel for kva lass skulde vera størst, var det ikkje. Dei skulde skrapa vel med seg. Gjorde dei ikkje det, vart det rekna slart. Om vinteren gyrder ein lasset med saug, men om sommaren ikkje, berre i summe høve s. A. d. at ein vil paka alt i eit lass, so ein slepp kvivende. Gyrdet saug vert kalla: høysaug. Høysaugi er grovare enn byrdesaugi, og høghetti må vera mykje større og sterkare enn byrde- hetti. I ein høystakk skulde det helst vera eit vetterlass eller so. Ansen ein lessing eller kvilessing. Det var so sommarlass i eit vetterlas. Lette dei stakk, måtte dei hava ei byrd meir. Bar dei, måtte dei hava 5 byrder i ein einlessing og 9 byrder i ein kvilessing. Bar dei i ei lœ eller bû, sturte dei kje meir enn 4 byrder til eit vetterlass og 8 til so. Ved å setja stakk miste dei ei byrd. To hestar vert ikkje bruka for høysleden korkje sommar eller vinter.

5. Ved samslått kørde dei kvar sitt lass, og soleis vart høyet bytt. Noko veginng bruka dei ikkje. Likeins gjorde dei som drog. Var det godt føre, drog ein mann eit sommarlass høy. Det var føret som fastsette tia for både køying og draging. Summe år var det fyre jol summe år etter. Isane måtte vera sterke. Dei som hadde omlag same veg, kørde samstundes. Nokor brøying bruka dei ikkje, men dei künde fyrst vera avstad nokre og moka snø i holdet trakka og jamna.